
Referent: Ingunn Bårtvedt Skjerdal
Dato: 09.06.2026

Samnanger kommune - kommuneplanen arealdel i prosess
5. mai 2026 kl 09.30.-11.30, digitalt på teams
Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule

Deltakarar:*Samnanger kommune*

Hilde-Lill Våge	Kommuneplanleggjar - kontaktperson
Veronika Skiftesvik Natås	Kommunalsjef samfunnsutvikling
Reidun Marie Lillebø	Klima, natur og miljø rådgjevar
Jan Egil Leirstein	Einingsleiar teknisk forvaltning

Statlege instansar

Frida Halland	Statsforvaltaren - plankontakt
Eirik Brynjelsen	Statsforvaltaren - landbruksavdelinga
Solveig Kalvø Roald	Statsforvaltaren - miljøavdelinga
Steinar Garmann Sørli	Statsforvaltaren - klimakoordinator
Gert Vidar Høgseth	NVE

Vestland fylkeskommune

Eva Katrine Ritland Taule	NPI - PKA fagansvarleg kommunal plan
Ingunn B. Skjerdal	NPI - PKA
Synne Guldborg	NPI - PKA
Ingeborg Klokkersund Djupevåg	NPI-PKA KLIMA
Marlene Sørli	NPI - NLR
Gunnbjørg Austrheim	KFO - kulturarv
Lars Øyvind Birkenes	KFO - kulturarv
Hildegunn Furdal	INV
Gunhild Raddum	MOK
Vidar Totland	Invest in Vestland

Observatørar

Kåre Martin Kleppe	Politisk observatør
Åsta Årøen	Politisk observatør
Gunvar Mikkelsen	Forum for friluftsliv Hordaland

Orientering frå kommunen

Presentasjon v/Hilde-Lill Våge

Stikkord frå presentasjonen, sjå vedlagde presentasjon:

- **Prosess**
 - Er tidleg i prosessen – planprogrammet er nyleg vedtatt i K-styret
 - Stram framdrift – Har som mål å komme i takt med planperioden
- **Avgrønsing av planarbeidet**
 - Nytt vedtakspunkt: Gjeldande KPA pkt 31 - spreidd bustad skal gjelde for ny KPA
 - Areal i sentrumsområdet ligg fast - Områdeplan Bjørkheim vedtatt i mars
- **Klima og energi**
 - Vedtak av planprogram: tatt ut punkt om vindkraft
 - Massehandtering – jobbar med kunnskapsgrunnlag. Sentralt tema i planen
- **Arealbruk og mobilitet**
 - 1,5 % årleg folkevekst – Høg vekst, ca 37 personar årleg. Vekst siste år null

5

- Vedtak av planprogram - Tatt ut punkt om samordne bustad og transport
- Folkehelse og bustadsosiale omsyn
 - Nytt vedtakspunkt om LNF spreidd er utfordrande
 - Nytt kunnskapsgrunnlag om framtidig landbruk klart før sommaren
- Samfunnstryggleik
 - Skal sende søknad til NVE om kartlegging av skredfare
- Medverknads
 - Kommunelege og barn og unges representant deltek gjennom i heile prosessen
 - Skal gjennomføre fleire verkstader. Deltek i prosjekt saman med Fedje og får bistand frå Distriktssenteret
 - Vil sjå til rettleiingspakken til Agder fylkeskommune, som har malar og rettleiing om arbeidsverkstader
- Kunnskapsgrunnlag
 - Nye: Naturmangfald, friluftslivets ferdselsårer og masseforvaltning
 - Liten kommune med avgrensa ressursar – Vil prioritere KPA og utarbeide kunnskapsgrunnlag og ikkje eigne temaplanar
- Arealrekneskap og planvask
 - Justere arealreserven i samsvar med berekraftig utvikling – har stor planreserve
 - Gjennomgang av eldre reguleringsplanar
 - Viktig å ta vare på grønne områder i planar som vert oppheva
- Metode for siling av innspel – skal forankrast i planutvalet før ferien

Spørsmål:**LNF-spreidd**

Møteleiar: Tyder vedtaket frå K-styret at grensene for dagens LNF-spreidd skal ligge fast?

Kommentar frå kommunen:

Oppfattar at det gjeld føresegnene. Håper at kunnskapsgrunnlag om landbruk, og gode planprosessar kan gi betre kunnskapsgrunnlag som kan gi rom for politisk diskusjon rundt dette. VLFK- KFO: - Viktig å sjå til [rettleiar om LNF-spreidd frå 2020](#) og sjekke føresegnene opp mot den.

Statsforvaltar:

- Må vurdere dagens område – nokre område er kanskje aktuelle å endre til bustadformål
- Ca 40 daa av LNF spreidd ligg på dyrka mark.
- Dei fleste område ligg langs fjorden der det er mykje bygging frå før - vurdere om LNF-spreidd er riktig føremål.
- Kva legg kommunen i punktet om å nytte dispensasjon? Vurderer kommunen å lage eigne føringar for dispensasjon for konkrete område? Viser til Alver om vurderte dette men gjekk bort frå det. Landbruksdirektøren er interessert i å sjå nærare på dette, men delte meiningar internt.

Kommunen: Vil sjekke ut føresegnene med rettleiaren. Forventar at det kjem innspel om nye område. Har vore lite utvikling i områda som er sett av i dagens plan. Utfordring å treffe med ael der det er ønskeleg. Har drøfta retningslinjer for dispensasjon - mest aktuelt for å ivareta levande landbruk. Dette bør vere eige tema for planutvalet.

Kommunen orienterte om samarbeidsprosjektet med Fedje

- Har fått skjønnsmidlar og er i startgropa med å rigge prosjektet. Vil involvere VLFK og stasforvaltar

Tilbakemeldingar og dialog:**Metode for siling og handsaming av arealinnspel**

Statsforvaltar:

- Bra å vere tydeleg og legge til rette for ein føreseieleg prosess
- Etterlyser oppdatert Folkehelseoversikt - Viktig å ha på plass for det systematiske folkehelsearbeidet
- Merknad til fase 3 – Skeptisk til at kommunen her vurderer å ta inn område som er silt ut på grunn av arealkonfliktar – Må gjere gode alternativvurderingar

5

- Merknad til fase 6 – Tilrådingfase - Kva legg kommunen i punktet om kompensere?
Kommunen: Tatt inn for å ha ein moglegheit for svært viktige areal –
- Ikkje ha for snevert fokus på kva som er risiko – meir enn naturfare, særleg når det gjeld næringsareal. Vurdere samlokalisering, samfunnskritiske institusjonar. Førebygge i plan.

Kommunen gjer merksam på at silingskriteria ikkje har hatt politisk handsaming - reknar med politisk diskusjon om desse.

Klima og natur

Statsforvaltar:

- Statlege planretningslinjer er utgangspunktet. Kommunen jobbar godt – men stussar på siste punktet. Bra med planvask, og ønsker presisering av unngå bygging på myr. Viktig å bruke gode verktøy. Bruk UFF-metoden er bra, og er spent på korleis kommune vil bruke dette.

Kommentar frå kommunen: Dei politiske ønske samsvarer ofte ikkje med føringar - t.d. har ein tatt ut punkt om reduksjon av transportbehov. Kva er det politiske handlingsrommet? Treng gode råd.

Statsforvaltar

- All myr er ikkje lik – må bruke verktøya – arealregnskap,
- Viktig å sjå på behov og vurdere opp mot samfunnsomsyn – utgreie/argumentere godt - finne areala med minst konflikt.
- Viser til planprogrammet og vil peike på at bær-krav og kan føre til motsegn – er avhengig av behov, plassering og konflikt.
- Minner om at PBL er ei prosesslov og at det handlar om å finne gode løysingar for lokalsamfunnet.

VLFK - Klima:

- Vil legg til grunn Regional plan for Klima – særleg retningslinjene
- Alternativvurderingar er viktig
- Fokus på fortetting og transformasjon er bra, bruk av UFF-prinsippet er bra
- Saknar fokus på grå areal
- Kvifor er ikkje myr inkludert som vurderingstema ved planvask?
- Saknar vurderingstema - Fører utbygginga til økt transport?
- Kurs i klimarisiko – første 13.mai – kan supplere ROS-analyse

Kommentar kommunen: Grå areal inngår i planvask.

Massehandtering

Kommunen ber om innspel til kunnskapsgrunnlag knytt til massehandtering - for eksempel Børdal. Kommunen legg ikkje opp til å sette av areal til deponi, men har fokus på å kunne nyttiggjere seg av massane frå dei store prosjekta. Har bedt om innspel frå landbruk. Stort behov for næringsutvikling (Rolfsvågen - mogleg trafikktryggleiksenter, Børdal) - stort politisk engasjement rundt dette. Ønsker å få på plass betre verktøy gjennom KPA - Få Vanskeleg tema for kommunen. Møteleiar:

- Viser til innspel frå VLFK til planprogrammet. Har ein egen fagperson i VLFK som kan kontaktast.
- Ny rettleiar frå MD

Statsforvaltar:

- Finne egne areal, ikkje ta som dispensasjon
- Landbruk - føresegn om krav om matjordplan. Må ha stader å bruke massane – matjord utgjer ein liten del av massane , men krev areal. Kommunen har lite og dårleg arrondert jordbruksareal. Burde ha prosess med grunneigarar og brukarar.
- Viser til Alver kommune som har kartfesta areal til bakkeplaneringsprosjekt. Kan bruke kommuneplanprosessen til dette.

NVE

- Viser til innspel til planprogrammet
- Minne om oppdaterte aktsemdskart – legge inn i plankartet

5

- Kommunen vil sende inn søknad om tilskot til kartlegging av skredfare – viktig med god dialog med NVE
- Er det problemstillingar kommunen vil ta opp?
 - o *Kommunen peikar på utvikling av Børdalen til næringsområde og Raunekleiva? Vurderer plasskrevjande handel her*
- Minner om krav til å avklare naturfare på siste plannivå - aktuelt når det gjeld LNF spreidd–Vanleg motsegn frå NVE

VLFK - Vassforvaltning

- Bra at vassmiljø er del av silingskriteria, og at det er eige KU-tema
- Viktig å identifisere vassførekomst og vurder om tiltaket kan forringe miljøtilstanden, eller hindre at ein når miljømåla for vassførekomsten
- Ny rettleiar frå MD – [Vassmiljø i arealplanlegging](#)
- Alternativvurdering er viktig
- Kantvegetasjon - legg gjerne inn krav til bredder
- Tips podcast Holt og Winge
- Ta kontakt med oss – ved spørsmål

Transport og mobilitet

VLFK - MOK

- Viser til Statlege planretningslinjer for areal og mobilitet - Bustadbygging og transport heng saman. Nasjonale og regionale føringar på dette
- Lage trafikksikre løysingar er krevjande ved spreidd utbygging
- Legge til rette for gode kollektivløysingar

Kommunen: Kommunen har gode målsettingar - Må vurdere nærare kva konsekvensar det politiske vedtaket har.

VLFK - INV

- I dialog kring konkrete prosjekt møter kommunen strenge rekkefølgekrav frå INV – om utbetring av veg, vegkryss, kollektiv
- Revisjon av trafikksikringsplan er viktig – den vil ligge til grunn dersom VLFK skal støtte gjennomføring av tiltak. VLFK har avgrensa med midlar
- Tenke på ansvar for trafikksikring i arbeid med kommuneplanen

Kulturminne - VLFK-KFO

- Saknar at tema kultur vert løfta
- Kulturminneplanen er ikkje synleg på nettsidene (*kommunen sjekkar opp*)
- Innspel om generelle føresegner til planprogrammet – Konkrete forslag til ivaretaking av kulturminne (*kommunen ber om at dei vert oversendt på nytt*)
- Oppmodar til å ta inn omsynssoner for kulturmiljø og føresegner knytt til disse
- Få automatisk freda kulturminne – Nye registreringar i Askeladden – få med disse i plankartet, og så nytte H570 rundt
- LNF-spreidd – kulturminne skal vere avklara i overordna plan

Statsforvaltar - Miljøvernavinga

- Viktig å få på plass kunnskapsgrunnlag og at det kjem på plass tidleg slik at det kan nyttast i prosessen.
- Kva skal det innehalde?

Svar frå kommunen: Er i prosess. Knyter til seg ekstern kompetanse, tar utgangspunkt i rettleiar frå MD. Viktige naturartar, økosystemtenester. Knytte opp mot friluftslivets ferdselsårer. Må avgrense - prioriterer områda der ein legg opp til utbygging - senterområda, aktuelle næringsområde, regulerte områda for planvask.

Næring - VLFK

- Rolfsvågen – ligg ugunstig til transportmessig – vanskeleg å lokalisere seg der (*Kommunen viser til planar om plassering av trafikksikringscenter*)

5

- Børdalen – eit essensielt område– kraftknutepunkt. Kan være arealkonfliktar ved utviding av området. Spin-off av datasenter er god moglegheit– kva kan ein nytte spillvarmen til? Viser til Masfjorden kommune

Arealregnskap

Oppmodar kommunen til å ha dialog med VLFK om bruk av arealregnskap. Har nyttig verktøy for å kunne samanlikne planforslag med gjeldande plan.

Avslutning: Lykke til vidare. Oppmodar kommunen til å ta kontakt.

Vedlegg

- 1 Bestilling regionalt planforum KPA Samnanger kommune
- 2 Metode Silingskriterium for innspel KPA jf planprogram
- 3 Planforum 5 mai 2026 - presentasjon tidlig fase
- 4 Planprogram arealdelen 2027-2037 - kommunestyret 16.04.2026